



**Saksgang**  
Kultur- og oppvekstutvalet  
Bystyret

**Møtedato**  
27.11.2007  
11.12.2007

**Saksnr.**  
047/07  
112/07

**Sakshandsamar:**  
Runa Nybakk

**Arkiv:** K2-A10  
**Objekt:**

**Arkivsaknr**  
04/33

## **HØYRING OM ENDRING I BARNEHAGELOVA. RETT TIL BARNEHAGEPLASS, RAMMEFINANSIERING, FINANSIERING AV IKKE-KOMMUNALE BARNEHAGER OG INNHENTING AV NØDVENDIGE DATA I BARNEHAGESEKTOREN.**

### **Kva saka gjeld:**

Kunnskapsdepartementet har sendt på høyring framlegg om endringar i barnehage-lova som omfattar;

- Innføring av lovfesta rett til barnehageplass
- Innlemming av øyremerkta statstilskot til barnehagesektoren i kommunane sitt inntektssystem
- Finansiering av ikkje-kommunale barnehagar
- Innhenting av nødvendig data i barnehagesektoren

Høyringsfrist er sett til torsdag 3. januar 2008

Kultur- og oppvekstutvalet gjer slikt

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Flora kommune har følgjande merknadar til høyringsdokumentet:

#### **1. Kommunen si plikt til å oppfylle lovfesta rett til barnehageplass**

Med å innføre ein lovfesta rett til barnehageplass, må denne korrespondere med kommunen sin plikt til utbygging. I lovframlegget vert kommunen si *plikt* forsterka gjennom ei tilføyning om at kommunen *skal* oppfylle retten til barnehageplass for dei som er busett i kommunen (§ 8, nytt fjerde ledd). Vi har ikkje merknadar til slik forsterking av kommunen sitt ansvar.

Departementet bed om tilbakemelding på om formuleringa i §12 samordna opptaksprosess i kommunen bør strammast inn. Det er i dag opp til kommunen og privat barnehageeigar å finne praktiske og hensiktsmessige løysingar for eit samarbeid. Vi meiner at den lovformuleringa om

samarbeid som gjeld i dag er tydeleg nok, og tek i vare brukarane sine ønskjer og behov for barnehageplass.

Departementet ber også om tilbakemelding på om ei avgrensing av retten til barnehageplass i den kommunen barnet er busett i vil vere til hinder for interkommunalt samarbeid om barnehagetilbod. Vi kan ikkje sjå at retten til barnehageplass treng å vere til hinder for at kommunane kan finne fleksible samarbeidsløysingar for dei familiane dette måtte vere aktuelt for.

## **2. Innføring av lovfesta rett til barnehageplass**

Slik vi forstår lovframlegget (ny § 12 a) skal retten til barnehageplass ikkje trå i kraft når barnet fyller 1 år, men skal gjelde for dei barna som er fylt 1 år når nytt barnehageår startar i august. § 12 a må utformast slik at det ikkje er tvil om kven retten til barnehageplass skal gjelde for, både for søkjar sin del og for kommunen som skal oppfylle retten til barnehageplass. Eitt hovudinntak i året for barn som fyller 1 år innan barnehageåret startar i august, legitimerer oppretting av ventelister til barnehageplass utanom hovudinntaket.

Det er ønska ei tilbakemelding frå kommunen om det alternativt skal innførast 2 opptak i året, og at retten til barnehageplass skal følgje denne. Vi ser at dette gjev følgjande konsekvensar;

- det vert lettare for familiar å få barnehageplass etter avslutta fødselspermisjon
- praktisering av retten til barnehageplass vert opplevd rettferdig for brukar
- det gjev ein meir forutsigbar situasjon både for yrkesaktive foreldre, og for arbeidsgjevar som er avhengig av arbeidskraft
- tilgang på barnehageplassar lettar rekruttering av arbeidskraft
- kommunen må planlegge for ein overkapasitet av barnehageplassar
- kommunar med god barnehagedekning er meir attraktiv for barnefamiljar å flytte til
- kostnadmessig vil dette hovudsakleg handle om barnehageplassar til barn under 3 år

Vi har følgjande framlegg til ny §12 a;

### *Ny § 12a Rett til barnehageplass*

*Barn som fyller ett år senest ved oppstart til barnehage i august, jf. § 12, har etter søknad rett til å motta et barnehagetilbud i samsvar med denne lov og tilhørende forskrifter.*

*Barnet har rett til et barnehagetilbud i den kommunen der det er bosatt.*

*Kommunen skal ha ett hovedopptak i året. Søknadsfrist til opptak fastsettes av kommunen. Søknad til barnehageplass utenom hovedopptak blir tildelt ledig barnehageplass fortløpende.*

Slikt lovframlegg har følgjande konsekvensar;

- lovframlegget presiserer departementet sitt lovframlegg om kven som har rett til barnehageplass
- lovframlegget presiserer retten til barnehageplass for dei barna som fyller 1 år fram til august, og kan opplevast urettferdig for foreldre med barn som fyller 1 år i løpet av hausthalvåret
- det må opprettast venteliste til barnehageplass

## **3. Innlemming av øyremarka statstilskot til barnehagesektoren i kommunane sitt inntektssystem**

Innlemming av øyremarka statstilskot til barnehagesektoren må sjåast i samanheng med retten til barnehageplass. Vi har grunn til å tru at retten til barnehageplass (sjølv om det er ein frivillig rett), vil auke etterspurnaden etter barnehageplassar.

Som kommune har vi behov for å ha stabile og forutsigbare rammer i forhold til ansvaret for drift av sektoren. Det må derfor avklarast om retten til barnehageplass skal tre i kraft når barnet fyller 1 år eller om dette skal gjelde for dei som er fylt 1 år når barnehageåret startar i august.

Dei objektive kriteria som skal leggest til grunn for rammeoverføringa, må sjåast i samanheng med kva for aldersgruppe som skal ha rett til barnehageplass.

Med det samfunnsmandat som barnehagesektoren er pålagt i dag, finn vi det rimeleg å tru at rammeoverføringa til sektoren ikkje må føre til mindre løyvingar til kommunen enn det sektoren får tildelt etter faktisk aktivitetsnivå.

Kommunen får eit finansieringsansvar overfor ikkje-kommunale barnehagar. Dette må også vektast inn i grunnlaget for rammeoverføringa.

#### **4. Finansiering av ikkje-kommunale barnehagar**

Kommunen har som barnehagemynde, det overordna ansvaret for tilrettelegging av nok barnehageplassar. Når kommunen frå 2009 (2010) også får finansieringsansvar for sektoren, er det viktig at lovverket vert utforma slik at rammene vert forutsigbare både for barnehageeigar og for den som skal utøve barnehagemynda.

Flora kommune går for alternativ 4 til ny § 14.

Dette vil sikre ei lik praktisering av "skjønn for godkjenning" av nye barnehagar etter 2009, uavhengig av kva kommune det gjeld. Det vil også sikre felles prinsipp for utmåling av tilskot til ikkje-kommunale barnehagar i alle kommunar.

#### **5. Innhenting av naudsynt data i barnehagesektoren**

Vi ser behovet for å lovfeste innhenting og handsaming av opplysningar og deltaking i barnehage på individnivå, når opplysningane skal nyttast til andre føremål enn det som gjeld i dag. I den grad personnummer automatisk vert erstatta med eit id-nummer, og såleis anonymiserer barnet når opplysningar skal nyttast til analyse og forskning, har vi ikkje merknadar til ny § 5a.

I henhold til ny §8, fjerde ledd har vi følgjande merknad;

Dei fleste kommunar har i dag eit system (elektronisk database) som handterer samordna inntak og rapportering til trygdeetaten. Slik vi forstår av høringsdokumentet (s 42), skal det nå rapporterast når barn bytter barnehage, fortløpande inntak til barnehage og andre tilhøve som gjer til at barn sluttar eller begynner i barnehage.

Når det nå skal lagast ein nasjonal database for barnehagebarn, er det viktig å involvere større aktørar som i dag leverer administrativ programvare for handtering av barnehagesektoren.

Vi ser det og som viktig at nye kostnader som kommunen får ved etablering og oppdatering av eksisterande system vert kompensert fullt ut.

### **27.11.2007 KULTUR- OG OPPVEKSTUTVALET**

#### ***Framlegg:***

#### **Framlegg frå Repr.Brigt Samdal,AP:**

Endring i § 12 a:

Barn som har fyllt ett år har etter søknad rett til å motta eit barnehagetilbod i samsvar med denne lov og tilhørende forskrifter.

#### ***Røysting:***

Tilrådinga med endringsframlegget frå Samdal vart samrøystes vedteke.

## KUOP-047/07 VEDTAK:

Flora kommune har følgjande merknadar til høyringsdokumentet:

### **1. Kommunen si plikt til å oppfylle lovfesta rett til barnehageplass**

Med å innføre ein lovfesta rett til barnehageplass, må denne korrespondere med kommunen sin plikt til utbygging. I lovframlegget vert kommunen si *plikt* forsterka gjennom ei tilføyning om at kommunen *skal* oppfylle retten til barnehageplass for dei som er busett i kommunen (§ 8, nytt fjerde ledd). Vi har ikkje merknadar til slik forsterking av kommunen sitt ansvar.

Departementet bed om tilbakemelding på om formuleringa i §12 samordna opptaksprosess i kommunen bør strammast inn. Det er i dag opp til kommunen og privat barnehageeigar å finne praktiske og hensiktsmessige løysingar for eit samarbeid. Vi meiner at den lovformuleringa om samarbeid som gjeld i dag er tydeleg nok, og tek i vare brukarane sine ønskjer og behov for barnehageplass.

Departementet ber også om tilbakemelding på om ei avgrensing av retten til barnehageplass i den kommunen barnet er busett i vil vere til hinder for interkommunalt samarbeid om barnehagetilbod. Vi kan ikkje sjå at retten til barnehageplass treng å vere til hinder for at kommunane kan finne fleksible samarbeidsløysingar for dei familiane dette måtte vere aktuelt for.

### **2. Innføring av lovfesta rett til barnehageplass**

Slik vi forstår lovframlegget (ny § 12 a) skal retten til barnehageplass ikkje trå i kraft når barnet fyller 1 år, men skal gjelde for dei barna som er fylt 1 år når nytt barnehageår startar i august. § 12 a må utformast slik at det ikkje er tvil om kven retten til barnehageplass skal gjelde for, både for søkjar sin del og for kommunen som skal oppfylle retten til barnehageplass. Eitt hovudinntak i året for barn som fyller 1 år innan barnehageåret startar i august, legitimerer oppretting av ventelister til barnehageplass utanom hovudinntaket.

Det er ønska ei tilbakemelding frå kommunen om det alternativt skal innførast 2 opptak i året, og at retten til barnehageplass skal følgje denne. Vi ser at dette gjev følgjande konsekvensar;

- det vert lettare for familiar å få barnehageplass etter avslutta fødselspermisjon
- praktisering av retten til barnehageplass vert opplevd rettferdig for brukar
- det gjev ein meir forutsigbar situasjon både for yrkesaktive foreldre, og for arbeidsgjevar som er avhengig av arbeidskraft
- tilgang på barnehageplassar lettar rekruttering av arbeidskraft
- kommunen må planlegge for ein overkapasitet av barnehageplassar
- kommunar med god barnehagedekning er meir attraktiv for barnefamiljar å flytte til
- kostnadmessig vil dette hovudsakleg handle om barnehageplassar til barn under 3 år

Vi har følgjande framlegg til ny §12 a;

#### *Ny § 12a Rett til barnehageplass*

*Barn som har fylt ett år, har etter søknad rett til å motta et barnehagetilbud i samsvar med denne lov og tilhørende forskrifter.*

*Barnet har rett til et barnehagetilbud i den kommunen der det er bosatt.*

*Kommunen skal ha ett hovedopptak i året. Søknadsfrist til opptak fastsettes av kommunen. Søknad til barnehageplass utenom hovedopptak blir tildelt ledig barnehageplass fortløpende.*

Slikt lovframlegg har følgjande konsekvensar;

- lovframlegget presiserer departementet sitt lovframlegg om kven som har rett til barnehageplass

- lovframlegget presiserer retten til barnehageplass frå barna det tidspunktet barna fyller 1 år
- det vert lettare for familiar å få barnehageplass etter avslutta fødselspermisjon
- praktisering av retten til barnehageplass vert opplevd rettferdig for brukar
- det gjev ein meir forutsigbar situasjon både for yrkesaktive foreldre, og for arbeidsgjevar som er avhengig av arbeidskraft
- tilgang på barnehageplassar lettar rekruttering av arbeidskraft
- kommunen må planlegge for ein overkapasitet av barnehageplassar
- kommunar med god barnehagedekning er meir attraktiv for barnefamiljar å flytte til
- kostnadmessig vil dette hovudsakleg handle om barnehageplassar til barn under 3 år, som må kompensera fullt ut

### **3. Innlemming av øymerka statstilskot til barnehagesektoren i kommunane sitt inntektssystem**

Innlemming av øymerka statstilskot til barnehagesektoren må sjåast i samanheng med retten til barnehageplass. Vi har grunn til å tru at retten til barnehageplass (sjølv om det er ein frivillig rett), vil auke etterspurnaden etter barnehageplassar.

Som kommune har vi behov for å ha stabile og forutsigbare rammer i forhold til ansvaret for drift av sektoren. Det må derfor avklarast om retten til barnehageplass skal tre i kraft når barnet fyller 1 år eller om dette skal gjelde for dei som er fylt 1 år når barnehageåret startar i august.

Dei objektive kriteria som skal leggast til grunn for rammeoverføringa, må sjåast i samanheng med kva for aldersgruppe som skal ha rett til barnehageplass.

Med det samfunnsmandat som barnehagesektoren er pålagt i dag, finn vi det rimeleg å tru at rammeoverføringa til sektoren ikkje må føre til mindre løyvingar til kommunen enn det sektoren får tildelt etter faktisk aktivitetsnivå.

Kommunen får eit finansieringsansvar overfor ikkje-kommunale barnehagar. Dette må også vektast inn i grunnlaget for rammeoverføringa.

### **4. Finansiering av ikkje-kommunale barnehagar**

Kommunen har som barnehagemynde, det overordna ansvaret for tilrettelegging av nok barnehageplassar. Når kommunen frå 2009 (2010) også får finansieringsansvar for sektoren, er det viktig at lovverket vert utforma slik at rammene vert forutsigbare både for barnehageeigar og for den som skal utøve barnehagemynda.

Flora kommune går for alternativ 4 til ny § 14.

Dette vil sikre ei lik praktisering av "skjønnsfor godkjenning" av nye barnehagar etter 2009, uavhengig av kva kommune det gjeld. Det vil også sikre felles prinsipp for utmåling av tilskot til ikkje-kommunale barnehagar i alle kommunar.

### **5. Innhenting av naudsynt data i barnehagesektoren**

Vi ser behovet for å lovfeste innhenting og handsaming av opplysningar og deltaking i barnehage på individnivå, når opplysningane skal nyttast til andre føremål enn det som gjeld i dag. I den grad personnummer automatisk vert erstatta med eit id-nummer, og såleis anonymiserer barnet når opplysningar skal nyttast til analyse og forskning, har vi ikkje merknadar til ny § 5a.

I henhold til ny §8, fjerde ledd har vi følgjande merknad;

Dei fleste kommunar har i dag eit system (elektronisk database) som handterer samordna inntak og rapportering til trygdeetaten. Slik vi forstår av høyringsdokumentet (s 42), skal det nå rapporteraast når barn bytter barnehage, fortløpande inntak til barnehage og andre tilhøve som gjer til at barn sluttar eller begynner i barnehage.

Når det nå skal lagast ein nasjonal database for barnehagebarn, er det viktig å involvere større aktørar som i dag leverer administrativ programvare for handtering av barnehagesektoren.

Vi ser det og som viktig at nye kostnadar som kommunen får ved etablering og oppdatering av eksisterande system vert kompensert fullt ut.

**11.12.2007 BYSTYRET**

*Røysting:*

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

**BYST-112/07 VEDTAK:**

Flora kommune har følgjande merknadar til høyringsdokumentet:

### **1. Kommunen si plikt til å oppfylle lovfesta rett til barnehageplass**

Med å innføre ein lovfesta rett til barnehageplass, må denne korrespondere med kommunen sin plikt til utbygging. I lovframlegget vert kommunen si *plikt* forsterka gjennom ei tilføyning om at kommunen *skal* oppfylle retten til barnehageplass for dei som er busett i kommunen (§ 8, nytt fjerde ledd). Vi har ikkje merknadar til slik forsterking av kommunen sitt ansvar.

Departementet bed om tilbakemelding på om formuleringa i §12 samordna opptaksprosess i kommunen bør strammast inn. Det er i dag opp til kommunen og privat barnehageeigar å finne praktiske og hensiktsmessige løysingar for eit samarbeid. Vi meiner at den lovformuleringa om samarbeid som gjeld i dag er tydeleg nok, og tek i vare brukarane sine ønskjer og behov for barnehageplass.

Departementet ber også om tilbakemelding på om ei avgrensing av retten til barnehageplass i den kommunen barnet er busett i vil vere til hinder for interkommunalt samarbeid om barnehageplass. Vi kan ikkje sjå at retten til barnehageplass treng å vere til hinder for at kommunane kan finne fleksible samarbeidsløysingar for dei familiane dette måtte vere aktuelt for.

### **2. Innføring av lovfesta rett til barnehageplass**

Slik vi forstår lovframlegget (ny § 12 a) skal retten til barnehageplass ikkje trå i kraft når barnet fyller 1 år, men skal gjelde for dei barna som er fylt 1 år når nytt barnehageår startar i august. § 12 a må utformast slik at det ikkje er tvil om kven retten til barnehageplass skal gjelde for, både for søkjar sin del og for kommunen som skal oppfylle retten til barnehageplass. Eitt hovudinntak i året for barn som fyller 1 år innan barnehageåret startar i august, legitimerer oppretting av ventelister til barnehageplass utanom hovudinntaket.

Det er ønska ei tilbakemelding frå kommunen om det alternativt skal innførast 2 opptak i året, og at retten til barnehageplass skal følgje denne. Vi ser at dette gjev følgjande konsekvensar;

- det vert lettare for familiar å få barnehageplass etter avslutta fødselspermisjon
- praktisering av retten til barnehageplass vert opplevd rettferdig for brukar
- det gjev ein meir forutsigbar situasjon både for yrkesaktive foreldre, og for arbeidsgjevar som er avhengig av arbeidskraft

- tilgang på barnehageplassar lettar rekruttering av arbeidskraft
- kommunen må planlegge for ein overkapasitet av barnehageplassar
- kommunar med god barnehagedekning er meir attraktiv for barnefamiljar å flytte til
- kostnadmessig vil dette hovudsakleg handle om barnehageplassar til barn under 3 år, som må kompenseras fullt ut

Vi har følgjande framlegg til ny §12 a;

#### Ny § 12a Rett til barnehageplass

*Barn som har fylt ett år, har etter søknad rett til å motta et barnehagetilbud i samsvar med denne lov og tilhørende forskrifter.*

*Barnet har rett til et barnehagetilbud i den kommunen der det er bosatt.*

*Kommunen skal ha ett hovedopptak i året. Søknadsfrist til opptak fastsettes av kommunen. Søknad til barnehageplass utenom hovedopptak blir tildelt ledig barnehageplass fortløpende.*

Slikt lovframlegg har følgjande konsekvensar;

- lovframlegget presiserer departementet sitt lovframlegg om kven som har rett til barnehageplass
- lovframlegget presiserer retten til barnehageplass frå barna det tidspunktet barna fyller 1 år
- det vert lettare for familiar å få barnehageplass etter avslutta fødselspermisjon
- praktisering av retten til barnehageplass vert opplevd rettferdig for brukar
- det gjev ein meir forutsigbar situasjon både for yrkesaktive foreldre, og for arbeidsgjevar som er avhengig av arbeidskraft
- tilgang på barnehageplassar lettar rekruttering av arbeidskraft
- kommunen må planlegge for ein overkapasitet av barnehageplassar
- kommunar med god barnehagedekning er meir attraktiv for barnefamiljar å flytte til
- kostnadmessig vil dette hovudsakleg handle om barnehageplassar til barn under 3 år

### **3. Innlemming av øyremerkta statstilskot til barnehagesektoren i kommunane sitt inntektssystem**

Innlemming av øyremerkta statstilskot til barnehagesektoren må sjåast i samanheng med retten til barnehageplass. Vi har grunn til å tru at retten til barnehageplass (sjølv om det er ein frivillig rett), vil auke etterspurnaden etter barnehageplassar.

Som kommune har vi behov for å ha stabile og forutsigbare rammer i forhold til ansvaret for drift av sektoren. Det må derfor avklarast om retten til barnehageplass skal tre i kraft når barnet fyller 1 år eller om dette skal gjelde for dei som er fylt 1 år når barnehageåret startar i august.

Dei objektive kriteria som skal leggest til grunn for rammeoverføringa, må sjåast i samanheng med kva for aldersgruppe som skal ha rett til barnehageplass.

Med det samfunnsmandat som barnehagesektoren er pålagt i dag, finn vi det rimeleg å tru at rammeoverføringa til sektoren ikkje må føre til mindre løyvingar til kommunen enn det sektoren får tildelt etter faktisk aktivitetsnivå.

Kommunen får eit finansieringsansvar overfor ikkje-kommunale barnehagar. Dette må også vektast inn i grunnlaget for rammeoverføringa.

### **4. Finansiering av ikkje-kommunale barnehagar**

Kommunen har som barnehagemynde, det overordna ansvaret for tilrettelegging av nok barnehageplassar. Når kommunen frå 2009 (2010) også får finansieringsansvar for sektoren, er det

viktig at lovverket vert utforma slik at rammene vert forutsigbare både for barnehageeigar og for den som skal utøve barnehagemynda.

Flora kommune går for alternativ 4 til ny § 14.

Dette vil sikre ei lik praktisering av "skjønn for godkjenning" av nye barnehagar etter 2009, uavhengig av kva kommune det gjeld. Det vil også sikre felles prinsipp for utmåling av tilskot til ikkje-kommunale barnehagar i alle kommunar.

#### **5. Innhenting av naudsynt data i barnehagesektoren**

Vi ser behovet for å lovfeste innhenting og handsaming av opplysningar og deltaking i barnehage på individnivå , når opplysningane skal nyttast til andre føremål enn det som gjeld i dag. I den grad personnummer automatisk vert erstatta med eit id-nummer, og såleis anonymiserer barnet når opplysningar skal nyttast til analyse og forskning, har vi ikkje merknadar til ny § 5a.

I henhold til ny §8, fjerde ledd har vi følgjande merknad;

Dei fleste kommunar har i dag eit system (elektronisk database) som handterer samordna inntak og rapportering til trygdeetaten. Slik vi forstår av høyringsdokumentet (s 42), skal det nå rapporterast når barn bytter barnehage, fortløpande inntak til barnehage og andre tilhøve som gjer til at barn sluttar eller begynner i barnehage.

Når det nå skal lagast ein nasjonal database for barnehagebarn, er det viktig å involvere større aktørar som i dag leverer administrativ programvare for handtering av barnehagesektoren.

Vi ser det og som viktig at nye kostnadar som kommunen får ved etablering og oppdatering av eksisterande system vert kompensert fullt ut.

Fredrik W. Gulbranson  
Rådmann

Øyvind Bang-Olsen  
Plansjef



## **Innleiing:**

Kommunen har dei siste åra fått tilført stor mynde i barnehagesektoren, med m.a. plikt til å skaffe tilstrekkeleg tal på barnehageplassar til dei som ønskjer eit barnehagetilbod, og ei finansieringsplikt for ikkje-kommunale barnehagar.

Når det nå nærmar seg full barnehagedekning, har regjeringa som målsetting å innføre ein rett til barnehageplass og innlemme øymerka statstilskot til barnehagedrifta i rammetilskotet til kommunane frå 2009. Dette vil gje kommunen eit heilskapleg ansvar for sektoren.

Ny barnehagelov m/rammeplan gjeldande frå 2006, understrekar barnehagen si viktige rolle og omfattande samfunnsmandat;

- Barnehagen er viktig for alle barn
- Barnehagen er ein frivillig del av utdanningsløpet, og skal medvirke til å realisere viktige utdanningspolitiske mål. Det er t.d. sett fokus på kor viktig språkutviklinga er som grunnlag for seinare læring og sosial utvikling.
- Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å utjamne sosiale ulikskapar
- Barnehagar er eit velferdstilbod for småbarnsforeldre, og ein viktig føresetnad for foreldra si yrkesdeltaking. Når foreldra er yrkesaktive vil levekåra bli utjamna og velferdssamfunnet kan oppretthaldast og vidareutviklast.

Kunnskapsdepartementet har eit behov for å styrke utdanningssystemet si rolle som verkty for sosial utjamning. I St.meld.nr. 16 (2006-2007) "...og ingen sto igjen.." vert det påpeika at det er eit stort udekket behov for statistikk, forskning og analyse av utviklingstrendar og langsiktig effekt. For å gjennomføre langsiktige studie og for å kunne følgje ulike grupper gjennom utdanningsløpet, er det naudsynt å samle inn og systematisere informasjon på individnivå frå barna startar i barnehage.

Kunnskapsdepartementet har sendt på høyring framlegg om endringar i barnehagelova som omfattar;

- Innføring av lovfesta rett til barnehageplass
- Innlemming av øymerka statstilskot til barnehagesektoren i kommunane sitt inntektssystem
- Finansiering av ikkje-kommunale barnehagar
- Innhenting av nødvendig data i barnehagesektoren

## **Vurdering:**

(Nye lovframlegg står med kursiv tekst)

**Innføring av lovfesta rett til barnehageplass og innlemming av øymerka statstilskot til barnehagesektoren i kommunane sitt inntektssystem**

*Ny § 12a Rett til barnehageplass*

*Barn som fyller ett år senest ved oppstart til barnehage, jf. § 12, har etter søknad rett til å motta et barnehage tilbud i samsvar med denne lov og tilhørende forskrifter.*

*Barnet har rett til et barnehage tilbud i den kommunen der det er bosatt.*

*Kommunen skal ha minimum ett opptak i året. Søknadsfrist til opptaket fastsettes av kommunen.*

§ 8 Kommunens ansvar

Kommunen er lokal barnehagemyndighet. Kommunen skal gi veiledning og påse at barnehagene drives i samsvar med gjeldende regelverk.

Kommunen har plikt til å sørge for at det finnes et tilstrekkelig antall barnehageplasser for barn under opplæringspliktig alder. Utbyggingsmønster og driftsformer skal tilpasses lokale forhold og behov. *Kommunen skal oppfylle retten til barnehageplass etter § 12a i denne lov for alle som er bosatt i kommunen.*

**Kommentar til kommunen si plikt til å oppfylle lovfesta rett til barnehageplass;**

Etter barnehagelova §8 har kommunen i dag ein plikt til å sørge for at finnast eit tilstrekkeleg tal barnehageplassar for barn under opplæringspliktig alder. Kommunen fastset dekningsgrad, men dei som søker barnehageplass skal ha eit tilbod innan rimeleg tid.

Samordna opptaksprosess (barnehagelova §12 og forskrift om sakhandsamingsreglar ved opptak i barnehage), barnehagemyndigheita sin innsynsrett (barnehagelova §8) og behovsundersøkingar, skal sikre ei tilrettelegging av plassar slik at dei som søker barnehageplass, i stor grad får dette ut frå eige behov for plass. Foreldra har klagerett om dei ikkje får barnehageplass, eller oppfylt 1. eller 2. ønske om plass.

Med å innføre ein lovfesta rett til barnehageplass, må denne korrespondere med kommunen sin plikt til utbygging. I lovframlegget vert kommunen si *plikt* forsterka gjennom ei tilføyning om at kommunen *skal* oppfylle retten til barnehageplass for dei som er busett i kommunen (§ 8, nytt fjerde ledd). Vi har ikkje merknadar til slik forsterking av kommunen sitt ansvar.

Departementet bed om tilbakemelding på om formuleringa i §12 samordna opptaksprosess i kommunen bør strammast inn. Det er i dag opp til kommunen og privat barnehageeigar å finne praktiske og hensiktsmessige løysingar for eit samarbeid. Vi meiner at den lovformuleringa om samarbeid som gjeld i dag er tydeleg nok, og tek i vare brukarane sine ønskjer og behov for barnehageplass.

Departementet ber også om tilbakemelding på om ei avgrensing av retten til barnehageplass i den kommunen barnet er busett i vil vere til hinder for interkommunalt samarbeid om barnehagetilbod. Vi kan ikkje sjå at retten til barnehageplass treng å vere til hinder for at kommunane kan finne fleksible samarbeidsløysingar for dei familiane dette måtte vere aktuelt for.

**Kommentar til lovfesta rett til barnehageplass;**

Lovframlegget gjev uttrykk for at *barn som fyller 1 år seinast ved oppstart til barnehage*, skal ha rett til barnehageplass (ny § 12 a ). Det som ikkje kjem tydeleg fram, er at oppstart til barnehage er knytt til nytt barnehageår som startar i august. Retten skal ikkje trå i kraft når barnet fyller 1 år, men skal gjelde for dei barna som er fylt 1 år når nytt barnehageår startar i august. Med eitt hovudinntak i året vil dette i praksis seie at barn som fyller 1 år i september ikkje kan krevje rett til barnehageplass før barnet er nesten 2 år.

I 2007 er definisjon av full barnehagedekning knytt til at alle som søkte barnehageplass til hovudinntaket med ønske om plass frå august, skulle frå dette. Dette vart innfridd i vår kommune. Vi har erfart ein auka etterspurnad av barnehageplassar, som følgje av at vi har "full barnehagedekning". Foreldre som avviklar fødselspermisjon etter august, ønskjer barnehageplass når dei skal attende i arbeid. Vi ser det som sannsynleg at ein lovfesta rett til barnehageplass når barnet vert 1 år vil ha same effekten; forventningar om rett til barnehageplass.

Lovframlegget må formulerast slik at det ikkje er tvil om kven retten gjeld for, både for søker sin del og for kommunen som skal oppfylle retten. Eitt hovudinntak i året for barn som fyller 1 år innan barnehageåret startar i august, legitimerer oppretting av ventelister til barnehageplass utanom hovudinntaket.

Det må også takast omsyn til at dei fleste søker 100% barnehageplass.

Det er ønska ei tilbakemelding frå kommunen om det alternativt skal innførast 2 opptak i året, og at retten til barnehageplass skal følgje denne. Vi ser at dette gjev følgjande konsekvensar;

- det vert lettare for familiar å få barnehageplass etter avslutta fødselspermisjon
- praktisering av retten til barnehageplass vert opplevd rettferdig for brukar
- det gjev ein meir forutsigbar situasjon både for yrkesaktive foreldre, og for arbeidsgjevar som er avhengig av arbeidskraft
- tilgang på barnehageplassar lettar rekruttering av arbeidskraft
- kommunen må planlegge for ein overkapasitet av barnehageplassar
- kommunar med god barnehagedekning er meir attraktiv for barnefamiljar å flytte til
- kostnadmessig vil dette hovudsakleg handle om barnehageplassar til barn under 3 år

Vi har følgjande framlegg til endring av ny § 12 a;

*Barn som fyller ett år senest ved oppstart til barnehage i august jf. § 12, har etter søknad rett til å motta et barnehagetilbud i samsvar med denne lov og tilhørende forskrifter*

*Barnet har rett til et barnehagetilbud i den kommunen der det er bosatt.*

*Kommunen skal ha ett hovedopptak i året. Søknadsfrist til opptaket fastsettes av kommunen. Søknad til barnehageplass utenom hovedinntak blir tildelt ledig barnehageplass fortløpende.*

Slikt lovframlegg har følgjande konsekvensar;

- lovframlegget presiserer departementet sitt lovframlegg om kven som har rett til barnehageplass
- lovframlegget presiserer retten til barnehageplass for dei barna som fyller 1 år fram til august, og kan opplevast urettferdig for foreldre med barn som fyller 1 år i løpet av hausthalvåret
- det må opprettast venteliste til barnehageplass

#### **Kommentar til innlemming av øyremerka statstilskot til barnehagesektoren i kommunane sitt inntektssystem;**

Øyremerka statstilskot til drift av barnehagar er i dag tildelt med bakgrunn i tal på barn, alderen på barn og opphaldstid i barnehage pr veke. Ved å innføre rammefinansiering av barnehagesektoren, vert midlane tildelt etter objektive kriteria og ikkje etter faktisk aktivitetsnivå.

Innlemming av øyremerka statstilskot til barnehagesektoren må sjåast i samanheng med retten til barnehageplass. Vi har grunn til å tru at retten til barnehageplass (sjølv om det er ein frivillig rett), vil auke etterspurnaden etter barnehageplassar.

Som kommune har vi behov for å ha stabile og forutsigbare rammer i forhold til ansvaret for drift av sektoren. Det må derfor avklarast om retten til barnehageplass skal tre i kraft når barnet fyller 1 år eller om dette skal gjelde for dei som er fylt 1 år når barnehageåret startar i august.

Dei objektive kriteria som skal leggast til grunn for rammeoverføringa, må sjåast i samanheng med kva for aldersgruppe som skal ha rett til barnehageplass.

Med det samfunnsmandat som barnehagesektoren er pålagt i dag, finn vi det rimeleg å tru at rammeoverføringa til sektoren ikkje må føre til mindre løyvingar til kommunen enn det sektoren får tildelt etter faktisk aktivitetsnivå.

Dei objektive kriteria for rammeoverføring, må tilpassast den aldersgruppa retten skal gjelde for.

#### **Finansiering av ikkje-kommunale barnehagar**

Når rammefinansiering av barnehagesektoren skal innførast, foreslår departementet å oppheve forskrifta om likeverdig behandling av kommunale og ikkje-kommunale barnehagar i forhold til offentlig tilskot.

Lovframlegget legg opp til at;

- Alle eksisterande godkjende ikkje-kommunal barnehagar i kommunen vi ha ei lovfesta rett til kommunalt tilskot etter at statleg tilskot er innlemma i kommunen sitt rammetilskot. Det skal også gjelde ikkje-kommunale barnehagar som er godkjende seinast i 2009, og barnehagar som vert godkjende etter 2009.
- Kommunen får høve til å nytte fritt skjønn eller avgrensa skjønn for å avgjere om ikkje-kommunale barnehagar som vert etablert etter 2009 skal ha rett til finansiering eller ikkje.
- Ei avklaring på korleis ikkje-kommunale barnehagar skal finansierast når forskrifta vert oppheva

#### **Kommentar til finansiering av ikkje-kommunale barnehagar;**

Kommunen har som barnehagemynde, det overordna ansvaret for tilrettelegging av nok barnehageplassar. Når kommunen frå 2009 (2010) også får finansieringsansvar for sektoren, er det viktig at lovverket vert utforma slik at rammene vert forutsigbare både for barnehageeigar og for den som skal utøve barnehagemynda.

Ved eit avgrensa kommunalt skjønn vil departementet gje føringar/retningsliner for korleis kommunen som barnehagemynde handterer søknadar om nyetablering av barnehagar. Statlege retningsliner vil såleis legge felles føringar for ei lik praktisering av ”skjønn for godkjenning” uavhengig av kva for kommune det gjeld.

Det er også viktig å fastsette ei finansieringsordning som sikrar dei ikkje-kommunale barnehagane ei minimumsfinansiering. Ved at staten utformer ei lov som regulerer nivået på tilskotet, får vi eit likt prinsipp for tilskot til private barnehagar i alle kommunar.

#### **Innhenting av naudsynt data i barnehagesektoren**

##### *Ny §5 a Innhenting av fødselsnummer*

*Foreldre og foresatte plikter å oppgi barnets fødselsnummer til kommunen til bruk for utarbeiding av statistikk, forskning og analyse, jf § 8 fjerde ledd*

#### **§ 7 Barnehageeierens ansvar**

Barnehageeieren skal drive virksomheten i samsvar med gjeldende lover og regelverk.

Barnehageeieren må legge frem opplysninger om reknskapsdata, tjenestedata, og en *liste som gjør det mulig for kommunen å identifiserer hvilke barn som går i vedkommende barnehage, jf. §8 fjerde ledd og §5a*, etter forskrifter fastsatt av departementet.

Barnehageeieren plikter å gi barnets bostedkommune de opplysninger som er nødvendige for å kunne føre et register som nevnt i § 8 fjerde ledd

Barnehageeieren skal fastsette barnehagens vedtekter. Vedtektene skal gi opplysninger som er av betydning for foreldrenes/de foresattes forhold til barnehagen, herunder

- a) eierforhold
- b) formål, jf. §1 fjerde ledd, herunder eventuell reservasjon fra § 1 annet ledd jf. tredje ledd,
- c) opptakskriterier,
- d) antall medlemmer i samarbeidsutvalget,
- e) barnehagens åpningstid

Godkjente virksomheter skal være registrert i Enhetsregisteret.

## § 8 Kommunens ansvar

Kommunen er lokal barnehagemyndighet. Kommunen skal gi veiledning og påse at barnehagene drives i samsvar med gjeldende regelverk.

Kommunen har plikt til å sørge for at det finnes et tilstrekkelig antall barnehageplasser for barn under opplæringspliktig alder. Utbyggingsmønster og driftsformer skal tilpasses lokale forhold og behov. *Kommunen skal oppfylle retten til barnehageplass etter § 12a i denne lov for alle som er bosatt i kommunen.*

Kommunen har ansvaret for at barnehagetilbudet til samiske barn i samiske distrikt bygger på samisk språk og kultur. I øvrige kommuner skal forholdene legges tilrette for at samiske barn kan sikre og utvikle sitt språk og sin kultur.

*Hver kommune skal opprette og føre register over fødselsnummer til barn som går i barnehage. Registeret skal benyttes til en nasjonal database for utarbeiding av statistikk, forskning og analyse for å undersøke langsiktige effekter av deltakelse i barnehage i forhold til senere utdanning samt andre forhold som har betydning for sosial utjevning. Behandlingsansvarlig for databasen skal være Kunnskapsdepartementet eller det organ departementet delegerer til. Nærmere bestemmelser om rapporteringsplikt, oppbevaring, bruk, utlevering og lagring av slike data fastsettes i forskrift.*

Hver kommune skal opprette og føre register til bruk for Arbeids- og velferdsetaten i forbindelse med kontroll av beregning og utbetaling av kontantstøtte etter kontantstøtten. Registeret skal samkjøres mot Arbeids- og velferdsetatens register over mottakere av kontantstøtte. Departementet gir forskrifter med utfyllende bestemmelser om føringen av registeret, hvilke opplysninger registeret skal inneholde og behandlingen av disse opplysningene.

Kommunen har rett til innsyn i dokumenter og adgang til barnehagelokaler i den utstrekning dette anses nødvendig for å ivareta kommunens oppgaver.

Kommunen forvalter de statlige øremerkede tilskuddene til ikke-kommunale barnehager i kommunen. *Kommunen kan ikke avkorte det kommunale tilskuddet etter § 14 som følge av et slikt statlig tilskudd.* (Forslag til endring ved valg av alternativ 1 til ny § 14).

### **Kommentarer til innhenting av naudsynt data i barnehagesektoren;**

Barnehagelova §§8 og 12 gjev i dag heimel (personopplysningsloven §12) for innhenting av barn sitt personnummer i samband med søknad om barnehageplass og føring av register til bruk for trygdekontoret i samband med kontroll av kontantstøtteutbetaling.

Vi ser behovet for å lovfeste innhenting og handsaming av opplysningar og deltaking i barnehage på individnivå, når opplysningane skal nyttast til andre føremål enn det som gjeld i dag. I den grad personnummer automatisk vert erstatta med eit id-nummer, og såleis anonymiserer barnet når opplysningar skal nyttast til analyse og forskning, har vi ikkje merknadar til ny § 5a.

I henhold til ny §8, fjerde ledd har vi følgjande merknad.

Dei fleste kommunar har i dag eit system (elektronisk database) som handterer samordna inntak og rapportering til trygdeetaten. Slik vi forstår av høyringsdokumentet (s 42), skal det nå rapporterast når barn bytter barnehage, fortløpande inntak til barnehage og andre tilhøve som gjer til at barn sluttar eller begynner i barnehage.

Når det nå skal lagast ein nasjonal database for barnehagebarn, er det viktig å involvere større aktørar som i dag leverer administrativ programvare for handtering av barnehagesektoren.

Vi ser det og som viktig at nye kostnader som kommunen får ved etablering og oppdatering av eksisterende system vert kompensert.

**Prenta/uprenta vedlegg:**

Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
17	I	31.10.2007	Det kgl Kunnskapsdepartement	Høring om endringer i barnehageloven	